



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|-------------|--------------|------------------------|----------------------------|------------|
| | | 2019/8863 - 78407/2019 | Rebekka Varne, 71 28 03 51 | 04.07.2019 |

Mowi AS søknad om utviding av akvakulturanlegg på 12209 Rønstad i Volda kommune

Søknad frå Mowi Norway AS om utviding av akvakultur lokalitet i sjø 12209 Rønstad i Volda kommune.

Det er søkt om å løyve til å utvide anlegget med fire merder og å auke biomassen med 780 tonn til 4680 tonn MTB. Søkar viser til miljøutgreiingar og vurderer at lokaliteten er god og kan handtere ei auka mengde fisk.

Søknaden er vurdert som komplett av Møre og Romsdal fylkeskommune, men vi gjer søkar merksam på at det kan bli bedt om meir informasjon.

Tiltaket fell inn under Forskrift om konsekvensutredningar (FOR-2017-06-21-854). Søknaden skal behandlast etter § 3 i forskrifta Vurdering om planer eller tiltak etter § 8 krever konsekvensutredning (§§ 9-12).

Fylkeskommunen sin vurdering er at det ikkje er naudsynt med tilleggsutgreiingar og sender søknaden til behandling hos sektormyndigheiter og Ørsta kommune.

Meiner sektormyndigheiter at tiltaket kan få vesentlege verknader, og det ikkje er tilfredstillande utgreia i søknaden, må det meldast til fylkeskommunen innan **5 veker** (14. august 2019). Vi ber om at de konkretiserer kva forhold som bør belysast nærare.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Ørsta kommune legg søknaden ut til offentlig innsyn i 4 veker. I følgje forskrifta skal utlysinga vere annonsert i Norsk lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området. Vi ber kommunen, etter at søknaden har vore lagt ut til offentlig innsyn, gi uttale om søknaden er i samsvar med kommunale planar og interesser. Kommunen si uttale skal saman med innkomne merknader sendast til Møre og Romsdal Fylkeskommune seinast **12 veker** etter at de har mottatt søknaden.

Meiner ein part at tiltaket kan få vesentlege verknader, og det ikkje er tilfredstillande utgreia i søknaden, må det meldast til fylkeskommunen etter kunngjering. Høringsparten må konkretiserer kva forhold som bør belysast nærare. Møre og Romsdal Fylkeskommune vil saman med aktuelle sektormyndigheiter vurdere om ei tilleggsutgreiing er naudsynt.

Med helsing

Rebekka Varne
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Vedlegg

- 1 Rønstad søknad
- 2 Beredskapsplaner for Mowi Norway Reg. midt
- 3 Godkjent og omsøkt plassering på Rønstad
- 4 20190516 Helseuttalelse Rønstad
- 5 Rønstad - Plankart, arealstatus
- 6 Rønstad - Åkerblå - MOMB-rapport FeltDato 14 02 2018
- 7 Rønstad - Åkerblå - MOMC og ASC-rapport (revidert utgave) FeltDato 14 02 2018
- 8 Rønstad - FiskeLiv - Strandsoneundersøkelse Dato 27 08 2013
- 9 Rønstad - MHN RW - spredning og bunnstrøm DATO nov-des 2012
- 10 Rønstad innbetalt saksbehandlingsgebyr
- 11 Rønstad 1-5000 flyfoto
- 12 Rønstad 1-5000
- 13 Rønstad strømmålinger i 3 dybder
- 14 dybdemålinger - bilde1
- 15 dybdemålinger - bilde2
- 16 dybdemålinger - bilde3
- 17 Rønstad Oversiktkart
- 18 sjøkart
- 19 dybdemålinger - bilde5
- 20 Omsøkt plassering - bilde 2
- 21 dybdemålinger - bilde4
- 22 Omsøkt plassering - bilde1